

Til varmepumpe-kunde

Ang. forespørsel på varmepumpe

Viser til Dykkar forespørsel ang varmepumpe, og vil her informere litt om kva vi har å tilby. Uansett om du kjøper pumpe med oss eller andre, er det ein del ting som det kan vere greit å vere klar over. Difor vil vi her forklare litt rundt dette med varmepumper uten å gå alt for mykje inn i tekniske detaljar.

Kva er ei luft/luft-varmepumpe?

I prinsippet er ei varmepumpe ei maskin som hentar "gratis" energi frå omgjevnadene. Ei luft/luft varmepumpe har ein verknadsgrad på mellom 3 og 5 dvs at ei varmepumpe som får tilført f.eks 1 kW energi gjev 3 til 5 kW tilbake. Luft/luft-varmepumpe er den desidert rimeligaste varianten av varmepumper, og den kan installerast både i nye og eksisterande boligar. Den består av ein utedel som hentar varme frå lufta ute, og ein innedel som overfører varmen direkte til innelufta. Mellom innedelen og utedelen ligg to isolerte rør, og ei elektrisk ledning.

Fordelar med luft/luft-varmepumper

- Ein svært effektiv måte å redusere straumforbruket til oppvarming på
- Rimelig samanlikna med andre typar varmepumper, du har gode muligheter til å spare inn att investeringa i laupet av få år
- Varmepumpa skapar sirkulasjon på innelufta slik at varmen blir spreidd effektivt i huset
- Den kan fungere som air condition om sommaren
- Den har filter som reinsar lufta for støv og pollen
- Den skapar ein jamn temperatur og eit behagelig inneklima
- Du kan enkelt stille inn temperaturen du vil ha via fjernkontroll

Ting du bør passe på

- *Bruk ein lokal, etablert leverandør.* Det har dei siste åra dukka opp fleire småfirma rundt om kring som importerar og monterer varmepumper. Ein del av desse vil nok forsvinne etter ei tid, og då står kundane deira på "bar bakke" utan mulighet til å få service eller reparasjon når noko evt. skulle slutte å fungere. Dersom varmepumpa er skikkelig montert, har kompressoren vanlegvis ei levetid på 10-15 år avhengig av driftsbetingelsar og gangtid. Resten av varmepumpa har vanlegvis langt lengre levetid.
- *Bruk ein autorisert forhandlar som kjøper pumpene gjennom ein norsk hovedimportør.* Dei som importerer varmepumper sjølv via f.eks Russland eller eit østblokkland, har ofte varmepumper som ikkje er tilpassa det norske klimaet. Dei har også problem med å skaffe reservedeler.
- *Plasser varmepumpa på ein sentral stad som gjev tilgang til størst mogeleg areal.* Det er ein fordel om boligen din har ei opa planløsning, då innedelen er ei punktoppvarmingskjelde og varmlufta bør kunne flytte seg nokonlunde fritt. Ofte er det slik at plassering i stove vil gje det beste resultatet. Plassering i gang/trapp kan også gje godt resultat. Dersom du ikkje har opa løsning, er det best å plassere varmepumpa i det området du treng mest varme.
- *Velg ei varmepumpe som har lavt støynivå*
- *Pass på at du kjøper ei pumpe som har "inverter-teknologi" dvs trinnlaus regulering av kompressoren, då dette reduserer slitasjen og betrar verknadsgraden.* Enkelte varmepumper har "av/på"-regulering, og dette er gamaldags teknologi som har betydelig dårlegare verknadsgrad.
- *Ikkje kjøp varmepumper som benyttar kuldemediet R-22 eller andre klorhaldige kuldemedier.* Desse bryt ned ozonlaget og er i ferd med å bli utfasa, og vil bli forbudt å bruke i framtida.
- *Stikkkontakta som varmepumpa skal pluggast i må vere jorda.* Dvs at dersom du ikkje har jording i nærleiken, må dette leggast fram. Dessutan må kursen som varmepumpa står på, ha jordfeilbrytar. Dei fleste hus har ein felles jordfeilbrytar for alle kursane i sikrings-skapet og dette er tilstrekkelig.

Pristilbud

Eid Elektro AS har drive med varmepumper sidan tidlig på 90-talet, og har fått god erfaring med kva varmepumper som fungerer best over tid. Difor har vi handplukka ein del pumper som vi ynskjer å tilby våre kundar. Dette er topp moderne pumper der kunden får god kvalitet til ein god pris. Samtlige av pumpene er spesialtilpassa vårt klima og nordiske forhold. Vi har tilgang på billigare varmepumper enn dei som står lista opp her, men vi skal holde ein 5 års garanti på pumpene og er avhengig av å selje pumper som fungerer skikkelig. Vi har ein fast monteringspris, så totalsummen vil vere prisen på kvar av varmepumpene, pluss monteringsprisen.

Mitsubishi Electric MSZ-FDHEAT KIRIGIMANE - 6,3kW –TESTVINNER!!!!

Mitsubishi har vi vore forhandlar for i mange år, og vi har svært god erfaring med desse driftsikre pumpene. FD Heat er Mitsubishi Electric sitt flaggskip, og dette er ei høgteknologisk pumpe med blant anna avansert evigvarande elektrostatisk filter, sensor (auge) som overvåkar rommet og styrer varmen mot det kaldaste området. Ekstremt gode tekniske data, sjå vedlegg.

Pris kr 18.100,- inkl mva

Mitsubishi Electric MSZ-FDHEAT KIRIGAMINI – 6,6kW

Dette er ei tilsvarande som FD25, men med endå høgare avgitt effekt. Passar til større lokaler eller eldre hus som er dårlig isolert. For tekniske data, sjå vedlegg.

Pris kr 20.100,- inkl mva

Toshiba RAS-13 – Suzumi Pluss 5,6kW

Toshiba er den store testvinnaren og det mest anerkjente av varmepumpe-fabrikata. RAS-13 er ein modell med svært høg verknadsgrad ved låge temperaturar. Den har tradisjonelt filtersystem. RAS-13 er eit godt valg for dei som har høge krav til virkningsgrad og design og samtidig er ute etter ei rimelig varmepumpe.

Sjå vedlegg for tekniske data.

Pris kr 13.190,- inkl mva

Toshiba RAS-13 DAISEIKAI DESIGN – 5,8kW

Høg verknadsgrad ved låge utetemperaturar, svært effektivt luftfiltreringssystem, og moderne design.

Sjå vedlegg for tekniske data.

Pris kr 17.300,- inkl mva

Toshiba RAS-10 DAISEIKAI POLAR - 6,1kW

Polar-modellane er spesiallaga for nordisk klima. Desse har høg avgitt varmeeffekt og verknadsgrad ved lave temperaturar. I tillegg har Daiseikai Polar modellane +8grader settpunkttemperatur for vedlikeholdsvarme og ekstremt gode tekniske data. Det aktive elektrostatiske filtersystemet er vidareutvikla og på Polar-modellane er det ingen filter som trengs bytast.

Pris kr 18.190,- inkl mva

Toshiba RAS-13 DAISEIKAI POLAR - 6,9kW

Dette er ei tilsvarande som RAS10 DAISEIKAI Polar, men med endå høgare avgitt effekt. Passar til større lokaler eller eldre hus som er dårlig isolert. For tekniske data, sjå vedlegg.

Pris kr 21.190,- inkl mva

Varmepumper med 2 eller fleire innedelar

Enkelte stader er det vanskelig å fordele varmen i huset. Då kan det vere aktuelt med fleire innedelar. Prisen på eit ferdig montert anlegg med 2 eller fleire innedelar vil ligge frå kr 31.000,- og oppover. Ta nærare kontakt dersom dette skulle vere av interesse.

Montering

I tillegg til prisen på varmepumpa, kjem montering, kuldemedierør, brakettar, kanalar, vibrodepararar, kablar, kobling, igangkøyring og testing.

Pris for dette kr 4.800,- inkl mva.

Dette forutset max 5m mellom inne- og utedel. Dersom det er meir, blir det kr 300,- pr m over 5m.

Dersom det blir arbeid med det elektriske i huset ditt (t.d. tillaging av jorda stikkontakt) vil dette kome i tillegg.

Vi tilbyr også serviceavtale, der vi årlig tar en kontroll av varmepumpa til ein billig penge.

Dersom du skulle ha spørsmål eller ønsker å bestille, må du gjerne ta kontakt med undertegna.

Vi håpar dette såg interessant ut, og ser fram til å høyre frå Dykk!

Med helsing

Ståle Bruvoll
Leiar, Inst. Avd.
Eid Elektro AS
Tlf 57 86 47 61